



Reidar Algerøy sit ved orgelen under Grundtvig-kvelden

Det er organist Reidar Algerøy som sit ved orgelet også under den andre salmekvelden i kyrkja, som har N.S.F. Grundtvig som grunntema og som startar klokka 19. Algerøy tek i kaffepausa gjerne imot fleire ynskje om spesielle salmar og songar som han skal spela og som han tek på sparket. Det er allereie kome nokre ynskje.

Grundtvig var utruleg produktiv sjølv om han var aktiv på så mange område.

I den norske salmeboka er han faktisk representert med 35 salmar og med Påskemorgen slukker sorgen som den mest brukte.

Grunna sjukdom blir det endringar i programmet.

Initiativtakar og leiar av kvelden Kristian Olav Bringedal vil særleg dvela ved Grundtvigs rolle som folkehøgskulens far. Den norske folkehøgskulen vart ikkje til utan usemje om innhaldet, også her på Vestlandet.

Men Grundtvig og folkehøgskulen er eit stort tema for seg sjølv, som også kan takast opp i ein annan samanheng.

Av Ola Matti Mathisen